



Jnr. 1107.17
GJG/aat

Hordaland fylkeskommune
Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

UTTALE VEDKOMMANDE NYE VEGNUMMER FOR FYLKESVEGANE I HORDALAND

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er kjent med Statens Vegvesen sitt arbeid med framlegg til ny vegnummerering i Hardanger og Kvinnherad.

Samarbeidsrådet syner til følgjande uttale sendt frå Kvinnherad kommune:

«Kvinnherad kommune er svært usamd med framlegg til ny vegnummerering i Hardanger og Kvinnherad. Kvinnherad kommune krev at fylkesveg 48 vert skilta til Bergen tilsvarande fylkesveg 49. Dette grunngjeve med at fylkesveg 48 gjennomgåande har betre vegstandard enn fylkesveg 49, prisen for dei vegfarande er monaleg lågare og både ferjefrekvens og kapasitet på ferjestøa i Kvinnherad er monaleg betre enn på sambandet Jondal-Tørvikbygd (fv. 49)».

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støttar uttalen til Kvinnherad kommune i kravet om at fylkesveg 48 vert skilta til Bergen tilsvarande fylkesveg 49.

Sunnhordland, 13. oktober 2017

Med helsing

Wenche Tislevoll
Styreleiar

Gro Jensen Gjerde
Dagleg leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.